

Høyringsnotat

Dato: 11.01.2024

Saksnr: 23/5444

Høyringsfrist: 11.april 2024

Høyringsnotat om EU-kommisjonen sitt forslag til forordning om kamp mot forseinka betaling i handelshøve

1 Innleiing

Justis- og beredskapsdepartementet sender med dette på høyring Europakommisjonen sitt forslag til EU-forordning om kamp mot forseinka betaling i handelshøve. Forslaget til forordning vart lagt fram av Europakommisjonen 12. september 2023.

Høyringsinstansane blir inviterte til å uttale seg om sitt syn på Europakommisjonen sitt forslag. Departementet har på det noverande tidspunktet ikkje utførleg vurdert behovet for endringar i norsk rett som følgje av forslaget, men gjer merksam på at reglane er foreslått som forordning og dermed vil krevje ei anna gjennomføring enn det noverande direktivet.

Når det gjeld økonomiske og administrative konsekvensar av ei eventuell gjennomføring i norsk rett, viser departementet til at Europakommisjonen har vurdert slike konsekvensar i sitt forslag, sjå punkt 3 og 4 i forslaget. Høyringsinstansane blir inviterte til å uttale seg om desse konsekvensane er relevante for norske forhold. I konsekvensanalysen er det mellom anna antatt at ein reduksjon på 35 % av de forseinka betalingane er realistisk, men at forslaget vil føre med seg både eingongskostnadar og tilbakevendande handhevingskostnadar for føretaka.

Departementet ber om høyringsinstansane sitt syn på innhaldet i forslaget til forordning og konsekvensar ved ei eventuell gjennomføring i norsk rett. Det er normalt å forvente at forslag frå Europakommisjonen vil bli gjenstand for endringar i det vidare lovarbeidet i EU. Dersom forslaget til forordning blir vedtatt av EU, vil eit seinare forslag til lov- eller forskriftsendringar som følgje av gjennomføringa bli sendt på høyring på vanleg måte.

I høyringsnotatet blir det kort gjort greie for hovudinnhaldet i forslaget og forholdet til norsk rett. Innspel frå høyringsinstansane vil bli brukt i regjeringa sitt arbeid med å fastleggje norske posisjonar og kan eventuelt bli formidla til lovgivande organ i EU og andre partar i EØS-statar. Nærare informasjon om korleis regelverk blir til i EØS, finnes på Utanriksdepartementet sine nettsider.

2 Forslag COM (2023) 533 til forordning om kamp mot forseinka betaling i handelshøve

På dansk har COM (2023) 533 fått tittelen «Forslag til Europa-Parlamentets og Rådets forordning om bekæmpelse af forsinket betaling i handelstransaktioner». Forslaget blir i det følgjande omtalt som «forordninga».

Forslaget til forordning gir reglar som skal forbetre betalingsdisiplinen i handelstransaksjonar gjennom førebyggjande og avskrekkande tiltak, og dessutan handhevings- og klagemekanismar. Forslaget har til føremål å verne føretak og konkurranseevna deira mot dei negative verknadene av betalingsforseinkingar og sikre ein velfungerande indre marknad. Dette gjeld særleg for små og mellomstore verksemder. Forslaget er ein del av Europakommisjonen sitt arbeidsprogram for 2023 under målet «Eit Europa klar for den digitale tidsalder».

Det gjeldande Europaparlaments- og rådsdirektivet 2011/7/EU av 16. februar 2011 om kamp mot forseinka betaling i handelshøve vart gjennomført i norsk rett hovudsakleg ved lov 15. februar 2013 nr. 8 om endringar i forsinkelsesrenteloven mv. (gjennomføring av direktiv 2011/7/EU om kamp mot forseinka betaling i handelshøve). Sjå Prop. 150 L (2011-2012) for nærare om endringa.

Europakommisjonen meiner at forseinka betaling framleis er eit problem, og det nye forslaget er ei forordning som skal erstatte det noverande direktivet om forseinka betaling. Kommisjonen peikar på ei rekkje spesifikke manglar som gir grunn til å erstatte det noverande direktivet:

- tvitydige føresegner om «klart urimelige» betalingsfristar i samband med transaksjonar mellom verksemder (B2B), urimeleg betalingspraksis og fristane for godkjenings- eller verifikasjonsprosedyrane
- den faste erstatninga
- asymmetrien i reglane for betalingsvilkår mellom B2B- og G2B-transaksjonar (G2B-transaksjonar er transaksjonar mellom styresmakter og verksemder)
- mangelen på ein maksimal betalingsfrist for handelstransaksjonar mellom verksemder
- manglande overvaking av etterleving og handheving
- mangelen på verktøy til kamp mot informasjonsubalanse
- manglande verktøy for kreditorane til å gripe inn overfor debitorane deira
- mangelen på samvirke mellom offentlege anbod og reglar for hurtig betaling

For å bøte på dette inneber forslaget til forordning mellom anna følgjande:

- avgrensing av betalingsfristar til 30 dagar i transaksjonar mellom verksemder
- godkjenings- eller verifikasjonsprosedyre avgrensa til 30 dagar
- medlemsstatane fremjar tilgang til utdanning i kredittstyring og finansiell forståing
- forseinkingsrenter kjem automatisk
- den faste erstatninga for kvar transaksjon som vert betalt for seint, blir auka til 50 euro
- medlemsstatane skal peike ut organ som er ansvarlege for å handheve reglane og gjennomføre undersøkingar, og som kan utferde administrative sanksjonar

- ved offentlege byggje- og anleggskontraktar skal offentlege oppdragsgivarar kontrollere at betalinga til hovudentreprenøren har vorte overført til dei direkte underentreprenørane
- medlemsstatane skal ha eit nasjonalt meklingsystem for å løyse betalingstvistar i handelstransaksjonar
- medlemsstatane skal ta opp spørsmålet om urimelege avtalevilkår og urimeleg handelspraksis gjennom nasjonal rett

Europakommisjonen forklarar kvifor den ønsker forordning som instrument med tilvising til at forseinka betaling har eit «grænseoverskridende aspekt», og at medlemsstatane samtidig vil «kunne vedtage strengere bestemmelser om visse aspekter».

Transaksjonar med forbrukarar er ikkje omfatta av noverande direktiv, og heller ikkje av det nye forslaget til forordning.

3 Innhaldet i forslaget til forordning

Forslaget til forordning består av 20 artiklar.

Artikkel 1 angir verkeområdet for forslaget til forordning. Artikkelen stadfestar det noverande verkeområdet, altså betalingar som ledd i transaksjonar mellom føretak og mellom føretak og det offentlege. Det blir presisert at forordninga ikkje gjeld for

- betalingar for transaksjonar med forbrukarar
- betalingar utført som kompensasjon for skadar
- betalingar i samband med gjeld som er gjenstand for insolvensføreaving

Det noverande direktivet nemner alle desse unntaka, men forordninga samlar dei i artikkel 1. Vidare er det angitt at forslaget, med unnatak for artikkel 3 nr. 1, ikkje skal ha verknad for føresegner i direktiv (EU) 2019/633 om urimeleg handelspraksis i handelshøve (B2B) i matkjeda. Direktiv (EU) 2019/633 er ikkje innteke i EØS-avtalen.

Artikkel 2 gir definisjonane som skal gjelde for forslaget. Dei fleste av definisjonane i det noverande direktivet artikkel 2 blir ført vidare. Nye definisjonar av «godkendelses- eller kontrolprocedure», «debitor» og «kreditor» er likevel lagt til.

Med «godkendelses- eller kontrolprocedure» skal ein forstå den framgangsmåten som blir nytta til å fastslå om dei leverte varene eller tenestene er i samsvar med krava i avtalen.

Med «debitor» siktar ein til alle fysiske eller juridiske personar eller alle offentlege styresmakter som skylder ei betaling for ei levert vare eller ei levert yting av teneste.

«Kreditor» vil seie alle fysiske eller juridiske personar eller alle offentlege styresmakter som har levert varer til ein debitor eller levert yting av tenester til ein debitor.

Artikkel 3 omhandlar betalingsfristar. Den er strengare enn det noverande direktivet artikkel 3 og 4, som er gjennomført i forsinkelsesrenteloven §§ 2 a og 2 b. Betalingsfristen og varigheita av godkjenings- eller verifikasjonsprosedyren blir avgrensa til høgst 30 dagar.

Alle tilvisingar til klart urimeleg praksis eller klart urimelege vilkår er fjerna. Forslaget er ikkje til hinder for nasjonale reglar med kortare fristar, jf. punkt 4 i artikkelen.

Artikkel 4 gir reglar om betalningar til underleverandørar i samband med offentlege innkjøp. Dette er ei ny føresegn som skal bidra til at betalningar vert sendt ned gjennom forsyningskjeda i kontraktar om offentlege arbeid. Dette skjer ved å krevje at hovudentreprenøren skal påvise at direkte underleverandørar har vorte betalt.

Artikkel 5 omhandlar forseinkingsrenter og er også ei ny føresegn. Den byggjer på artikkel 3 og 4 i det noverande direktivet, som er gjennomført i forsinkelsesrenteloven §§ 2 a og 2 b. Artikkelen presiserer at det automatisk skal betalast forseinkingsrente når følgjande tre vilkår er oppfylt:

- Kreditor har oppfylt sine kontraktsmessige og lovsette plikter
- Debitor har fått betalingsoppmoding
- Kreditor har ikkje fått den skuldige summen innanfor betalingsfristen

Kreditor kan ikkje gi avkall på retten til å få forseinkingsrenter.

Det er også eit krav om at debitor gir kreditor alle opplysningar som er naudsynte for å sikre at fakturaen kan bli akseptert og handsama av debitor. Det blir vidare presisert at det kjem forseinkingsrente inntil hovudstolen er betalt, i tråd med rettspraksis frå EU-domstolen.

Artikkel 6 om rentesats for forseinkingsrente er også ny. Artikkelen harmoniserer rentesatsen. Satsen er den referanserenta som Den europeiske sentralbanken fastset i medlemsstatar som har euro som valuta, eller den nasjonale sentralbanken for medlemsstatar som ikkje har euro som valuta, pluss åtte prosentpoeng.

Artikkel 7 om betalingsplanar speglar innhaldet i artikkel 5 i det noverande direktivet. Dersom betalinga skjer på grunnlag av avdrag, og eit avdrag ikkje er betalt innan avtalt dato, blir forseinkingsrenter utrekna på grunnlag av ein eventuelt forfallen sum.

Artikkel 8 gir reglar om erstatning for inndrivingskostnadar. Artikkelen svarer til artikkel 6 i det noverande direktivet, som er gjennomført i forsinkelsesrenteloven § 3 a. Kreditor skal, når ho eller han har rett til renter for forseinka betaling, som eit minimum ha ein fast kompensasjon.

Erstatninga blir justert opp frå 40 euro til 50 euro, i tråd med inflasjonen. Det blir presisert at erstatningssummen skal betalast for kvar enkelt transaksjon som vert betalt for seint.

I tillegg skal kreditor framleis ha rett til ei rimeleg erstatning for moglege inndrivingskostnadar som overstig den nemnde standardkompensasjonen.

Artikkel 9 omhandlar ugyldige avtalevilkår og ugyldig praksis. Føresegna er ny og erstattar artikkel 7 i det noverande direktivet, som er gjennomført i forsinkelsesrenteloven § 4 a. Artikkelen fjernar omgrepet «klart urimelig» og stiller opp følgjande liste over former for praksis som er ugyldig etter forordninga:

- fastsetjing av betalingsfristen i strid med artikkel 3
- avgrensing av kreditor sin rett til forseinkingsrente etter artikkel 5 eller til erstatning etter artikkel 8

- forlenging av varigheita av godkjenings- eller verifikasjonsprosedyren ut over artikkel 3
- med vilje forseinke sending av fakturaen

Føresegna gir også ein rett for organisasjonar som representerer kreditorar eller føretak til å få prøvd saker om ugyldige avtalevilkår og praksis ved forseinka betaling.

Artikkel 10 om egedomsatterhald svarer til artikkel 9 i det noverande direktivet. Dersom det uttrykkjeleg er avtalt egedomsatterhald, har kreditor egedomsretten til varene inntil dei er fullt betalt.

Artikkel 11 omhandlar gjennomslutning og svarer til artikkel 8 i det noverande direktivet. Føresegna regulerer plikta for medlemsstatane til å sikre offentlegheita tilgang til opplysningar om rettar og plikter i samsvar med føresegnene i forordninga.

Artikkel 12 gjeld framgangsmåtar for inndrivning ved uomstridde krav og svarer til artikkel 10 i det noverande direktivet. Den stiller krav til sakshandsamingstida ved tvangsfullføring, i form av at tvangsfullføringsgrunnlag skal skaffast etter seinast 90 kalenderdagar.

Artikkel 13 omhandlar handhevande styresmakter og er ny. Den fastset at medlemsstatane er forplikta til å peike ut nasjonale handhevande styresmakter som er ansvarlege for å handheve forordninga, og som skal samarbeide med Kommissjonen og andre relevante nasjonale handhevande styresmakter.

Artikkel 14 om kompetansen til handhevande styresmakter er også ny. Den inneheld følgjande liste over dei rettar som dei handhevande styresmaktene skal ha for å sikre at forordninga blir handheva:

- kompetanse til å innleie og gjennomføre undersøkingar på eige initiativ eller på grunnlag av klage
- kompetanse til å krevje at kreditorar og debitorar legg fram opplysningar
- kompetanse til å gjere umelde kontrollbesøk
- kompetanse til å treffe avgjerder som fastslår brot på forordninga og pålegg debitor å betale forseinkingsrenter eller erstatning
- kompetanse til å påleggje eller innleie saker om pålegging av bøter og andre sanksjonar
- kompetanse til å krevje at debitor gjer slutt på brotet
- kompetanse til å offentleggjere avgjerdene

Medlemsstatane skal gi nærare reglar om sanksjonar for brot på føresegnene i forordninga.

Artikkel 15 gjeld klager og fortrulegheit. Føresegna er ny og fastset vilkåra for at kreditorar og kreditorsamanslutningar kan klage over forseinka betalingar til handhevande styresmakter i medlemsstatane. Artikkelen fastset også pliktene for dei handhevande styresmaktene i samband med klager, til dømes der klagaren ber om verna identitet.

Artikkel 16 om alternativ tvisteløysing er også ny. Medlemsstatane skal fremje frivillig bruk av effektiv og uavhengig alternativ tvisteløysing. Dette skal bidra til ei raskare løysing av tvistar, som heller ikkje skader tilliten mellom partane.

Artikkel 17 gjeld digitale verktøy, kredittstyring og utdanning i finansiell forståing. Artikkelen er ny og bestemmer at medlemsstatane skal bruke digitale verktøy til handheving av forordninga. Statane skal også sikre at verktøy for kredittstyring og utdanning i finansiell forståing er tilgjengeleg for små og mellomstore verksemdar.

Artikkel 18 om rapport svarer til artikkel 11 i det noverande direktivet. Den fastslår at Kommisjonen skal gi rapport om gjennomføringa av forordninga fire år etter at den trer i kraft.

Artikkel 19 omhandlar oppheving av det noverande direktivet. Den svarer til artikkel 13 i det noverande direktivet, men er tilpassa til ei forordning.

Artikkel 20 gjeld ikraftsetjing og dato for bruk. Den svarer til artikkel 14 i det noverande direktivet, men er tilpassa ei forordning.